

**Utval:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg., fylkeshuset  
**Dato:** 16.02.2016  
**Tidspunkt:** 11:00 – 15:15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A	
Siri Klokkestuen	Medlem	A	
Espen Berntsen	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A	
Olav Kvinge	Medlem	H	
May Eva Sandvik	Medlem	H	
Neshe Lie	Medlem	H	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Beate Husa	Leiar	KrF	
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp	
Geir Kjell Andersland	Medlem	V/MDG	

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
Gunnar Bakke	Medlem	Frp

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Namn	Møtte for	Parti
Anita Garlid Johannessen	Gunnar Bakke	Frp

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Seksjonsleiar, stedfortredar utviklingssjef – kultur- og idrettsavd.
Britt-Karen Spjeld	Seksjonsleiar idrett og friluftsliv – kultur- og idrettsavdelinga
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Eva Katrine Taule	Kst. plansjef – regionalavdelinga
Sølve Dag Sondbø	Klima- og naturressurssjef – regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabssjef – kultur- og idrettsavdelinga
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet – org. og økonomiavdelinga

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 22/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 23/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 24/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 8/16	UKM-festivalen i Hordaland 2016. Info til lokalarrangørane	2015/10661	
RS 9/16	Tildelingsbrev frå KMD- Statsbudsjettet	2016/904	
RS 10/16	Rapportering på bruken av statlege tiltaks- og tilskotsmidlar på miljøområdet i 2015	2014/13925	
RS 11/16	Norsk Kulturforums landskonferanse, Tønsberg 24.-25. mai 2016	2016/721	
RS 12/16	Campus Bergen - invitasjon til møte	2016/299	
RS 13/16	The Convener of Orkney Island Council - Thank you letter	2016/1024	
RS 14/16	Konferanse 22. og 23. februar 2016 - Korleis arbeide i råd for menneske med nedsett funksjonsevne?	2014/558	
PS 25/16	Vurdering av ordninga med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte	2015/12714	
PS 26/16	Oversikt over folkehelsa i Hordaland 2015-2019	2015/976	
PS 27/16	Retningsliner for tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom	2016/957	
PS 28/16	Energi- og miljøplan for Ulvik herad 2016-2020. Høyringsfråsegn.	2015/12160	
PS 29/16	Fråsegn til kommunedelplan Sysendalen, Eidfjord	2014/16981	
PS 30/16	Fråsegn - Kommunedelplan E39 Heiane - Ådland - Stord kommune	2014/15246	
PS 31/16	Fråsegn til forslag til reguleringsplan for Hitland, Åsane - gnr 181 bnr 5,18,23, - Bergen kommune	2015/10883	
PS 32/16	Tilsluttnad til endring av Festspillene i Bergen sine vedtekter	2014/14136	
PS 33/16	Revidering av programområde i Kulturelt utviklingsprogram(KUP)	2015/2152	
PS 34/16	Museumsplanmidlar 2016	2016/1173	
PS 35/16	Miljøprisen 2015	2015/11975	
PS 36/16	Ymse		

## **PS 22/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

### **Vedtak**

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 23/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

### **Vedtak**

Møteprotokollen frå utval for kultur, idrett og regional utvikling 19.01.2016 vart godkjend utan merknader.

## **PS 24/16 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

I samband med RS 9/16 "Tildelingsbrev frå KMD - Statsbudsjettet" spurde **Sigbjørn Framnes (Frp)** om korleis fylkesadministrasjonen tenkjer med omsyn til fordeling. **Siri Klokkestuen (A)** spurde om tildelinga vart redusert i høve til året før. Fylkesdirektør regional utvikling svarte at midlane vert fordelte etter fastsette fordelingskriterium. Han stadfesta at løyvinga var noko redusert fordi fordelingsnøkkelen er endra.

**RS 8/16 UKM-festivalen i Hordaland 2016. Info til lokalarrangørane**

**RS 9/16 Tildelingsbrev frå KMD- Statsbudsjettet**

**RS 10/16 Rapportering på bruken av statlege tiltaks- og tilskotsmidlar på miljøområdet i 2015**

**RS 11/16 Norsk Kulturforums landskonferanse, Tønsberg 24.-25. mai 2016**

**RS 12/16 Campus Bergen - invitasjon til møte**

**RS 13/16 The Convener of Orkney Island Council - Thank you letter**

**RS 14/16 Konferanse 22. og 23. februar 2016 - Korleis arbeide i råd for menneske med nedsett funksjonsevne?**

## **PS 25/16 Vurdering av ordninga med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte**

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkestinget vedtek at driftsstøtte til kultur- og idrettsverksemder over kulturbudsjettet, vert tildelt etter ei ordning med krav til årleg omsøking, og ber fylkesrådmannen leggja til rette for dette.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, Frp, V).

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget vedtek at driftsstøtte til kultur- og idrettsverksemder over kulturbudsjettet, vert tildelt etter ei ordning med krav til årleg omsøking, og ber fylkesrådmannen leggja til rette for dette.

## **PS 26/16 Oversikt over folkehelsa i Hordaland 2015-2019**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek «Folkehelsa i Hordaland 2015» til orientering.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Oversikta over folkehelsa i Hordaland viser behov for å halde særleg fokus på oppvekstpolitikk og betra trafikksikring."

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

Oversikta over folkehelsa i Hordaland viser behov for å halde særleg fokus på oppvekstpolitikk og betra trafikksikring.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek «Folkehelsa i Hordaland 2015» til orientering.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

## **PS 27/16 Retningslinjer for tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom**

### **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek retningslinjene for tilskotsordninga *tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom* slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

**Sara Hamre Sekkingstad (Sp)** sette fram slikt forslag:

"Fylkesrådmannen sitt forslag med slik endring i retningslinjene:  
Kva kan støttast - Regionale prosjekt med tiltak i minst tre kommunar med mål om varig endring i barn og ungdom sine sykkelvanar."

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Sekkingstad sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot 6 røyster (H, Frp, V) for fylkesrådmannen sitt forslag.

### **Vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek retningslinjene for tilskotsordninga *tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/sykkelvanar for barn og ungdom* slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

Endring i retningslinjene:

Kva kan støttast - Regionale prosjekt med tiltak i minst tre kommunar med mål om varig endring i barn og ungdom sine sykkelvanar

## **PS 28/16 Energi- og miljøplan for Ulvik herad 2016-2020. Høyringsfråsegn.**

### **Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og tiltak svarer på aktuelle utfordringar innan energi og miljø i Ulvik herad og er i tråd med Klimaplan for Hordaland 2014-2030.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og tiltak svarer på aktuelle utfordringar innan energi og miljø i Ulvik herad og er i tråd med Klimaplan for Hordaland 2014-2030.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

## **PS 29/16 Fråsegn til kommunedelplan Sysendalen, Eidfjord**

### **Forslag til vedtak**

1. Forslaget om alpeindestinasjon «Eidfjord Resort» som er det sentrale føremålet i ny kommunedelplan for Sysendalen er i konflikt med soner for nasjonalt villreinområde og retningslinjer for reiselivsutbygging i regional plan for Hardangervidda. Den føreslåtte arealbruken kan ikkje godkjennast før eventuell revisjon av den regionale planen tillet dette. Det same gjeld reguleringsplanar som skal legge godkjent kommunedelplan til grunn. Hordaland fylkeskommune

fremjar motsegn til kommunedelplanen på dette grunnlaget.

2. Området for alpindestinasjon ligg i landskap og friluftsområde av svært stor verdi. I konsekvensutgreiinga er alpindestinasjonen vurdert til å ha stor negativ konsekvens for natur og landskap. Omsyn til landskap, natur og naturbasert friluftsliv må få høg prioritet når det vert fremja planar i verdifulle fjellområde som Sysendalen, og må vere førande for det vidare arbeidet med kommunedelplanen og påfølgjande reguleringsplanar.
3. Bruksendring av fritidsbusetnad til heilårsbustader for å auke talet på fastbuande i Sysendalen er uheldig og i strid med viktige prinsipp i regionale planar som har mål og tiltak knytta til styrking av eksisterande sentra, tilgjenge og nærleik til tenester. Bruksendring vert frårådd.
4. Hordaland fylkeskommune ønskjer å støtte opp om ei berekraftig reiselivsutvikling både i Eidfjord og fylket forøvrig. I kombinasjon med Vøringsfossen er det eit potensiale til stades for vidareutvikling i Sysendalen. Det vil også vere rom for utvikling av alpine vinteraktivitetar innanfor planområdet i ein skala som er i tråd med omsyn i punkt 1 og 2. Før ein går vidare med planar om alpindestinasjon må det gjerast marknadsundersøkingar og utarbeidast ein utviklingsstrategi, etter prinsipp om berekraftig reiselivsutvikling.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag:

1. "Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til møtet 10. mai.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om ei synfaring og dialog med kommunen.
3. Det blir synfaring i Eidfjord 10. mai."

**Røysting** (forslaget om utsetjing)  
Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til møtet 10. mai.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om ei synfaring og dialog med kommunen.
3. Det blir synfaring i Eidfjord 10. mai.

### **PS 30/16 Fråsegn - Kommunedelplan E39 Heiane - Ådland - Stord kommune**

#### **Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune meiner at ferjefri E39 er eit viktig nasjonalt prosjekt på Vestlandet. Det er likevel viktig at ein vektar utbyggingskostnader opp i mot regionalt og lokalt viktige arealverdiar.
2. Hordaland fylkeskommune ønskjer å støtte Stord kommune og tilrår at alternativ 5 med lang tunnel forbi Landåsen vert valt som løysing for ny E 39 mellom Heiane og Ådland på Stord. Dette alternativet har mindre negative konsekvensar for kulturminner og landskap, og har positive konsekvensar for friluftsliv.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette på vegner av Frp, H, V og KrF fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune meiner at ferjefri E39 er det viktigaste nasjonale prosjektet på Vestlandet for å knyte Vestlandet saman til ein bu- og marknadsregion. Utbyggingskostnader må vektast opp mot regionale og lokale viktige arealverdiar, samstundes som regional og lokal nytteverdi også må spele inn.

2. Hordaland fylkeskommune tilrår alternativ 5 med lang tunnell forbi Landåsen som beste løysing for ny E39 mellom Heiane og Ådland på Stord. Alternativt må ein sjå på tilstrekkeleg kompensierende tiltak dersom andre alternativ vert valt. Dette for å redusere negative konsekvensar for kulturminne og landskap, og bidra til positive konsekvensar for friluftsliv."

### Røysting

Framnes sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot 6 røyster (A, Sp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at ferjefri E39 er det viktigaste nasjonale prosjektet på Vestlandet for å knyte Vestlandet saman til ein bu- og marknadsregion. Utbyggingskostnader må vektast opp mot regionale og lokale viktige arealverdiar, samstundes som regional og lokal nytteverdi også må spele inn.
2. Hordaland fylkeskommune tilrår alternativ 5 med lang tunnell forbi Landåsen som beste løysing for ny E39 mellom Heiane og Ådland på Stord. Alternativt må ein sjå på tilstrekkeleg kompensierende tiltak dersom andre alternativ vert valt. Dette for å redusere negative konsekvensar for kulturminne og landskap, og bidra til positive konsekvensar for friluftsliv.

## PS 31/16 Fråsegn til forslag til reguleringsplan for Hitland, Åsane - gnr 181 bnr 5,18,23, - Bergen kommune

### Forslag til vedtak

1. Kultur-, idrett og ressursutvalet ber om at Bergen kommune gjennom arealplanlegging bidrar til å redusere transportbehov og utslepp av klimagassar og styrke attraktivitet og kvalitet i senterområder, ved at :
  - detaljhandel, kontorarbeidsplassar, service og tenester vert lokalisert i definerte senterområder
  - næringsområde i randsonen med lågt kollektivdekking vert nytta til industri og lager
2. Kultur-, idrett og ressursutvalet vurderer at planforslaget på Hitland ikkje bygger opp under ein slik utvikling ved å:
  - a) legge til rette for opp til 41 000m<sup>2</sup> areal for detaljhandel utanfor og i konkurranse med, definerte senterområde
  - b) legge til rette for arbeidsplassintensiv næring som kontorføremål, utan frekvent kollektivtilbod

Det er motsegn til punkt a )

Motsegn kan trekkjast dersom kommunen i føresegnene setter øvre grense på tillat samla handelsareal inntil 3000m<sup>2</sup>, i samsvar med *Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel*.

Det er motsegn til punkt b )

Motsegn kan trekkjast dersom kommunen setter rammer for omfang av kontorføremål slik at lager og industriverksemd vert primæraktivitet i næringsområdet.

3. Slik planforslaget ligg føre, vil samla bruksareal avsett til handel overstige 3000m<sup>2</sup>. Dette utløyser krav om handelsanalyse og søknad om samtykke frå Hordaland fylkeskommune, jf. Regional plan for *attraktive senter- senterstruktur, tenester og handel* , føresegn 4.1.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.



## Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at Bergen kommune gjennom arealplanlegging bidrar til å redusere transportbehov og utslepp av klimagassar og styrke attraktivitet og kvalitet i senterområde, ved at :
  - detaljhandel, kontorarbeidsplassar, service og tenester vert lokaliserte i definerte senterområde
  - næringsområde i randsona med lågt kollektivdekking vert nytta til industri og lager
2. Utval for kultur, idrett og regional vurderer at planforslaget på Hitland ikkje bygger opp under ei slik utvikling ved å:
  - a) legge til rette for opp til 41 000m<sup>2</sup> areal for detaljhandel utanfor, og i konkurranse med, definerte senterområde
  - b) legge til rette for arbeidsplassintensiv næring som kontorføremål, utan frekvent kollektivtilbod

Det er motsegn til punkt a )

Motsegn kan trekkjast dersom kommunen i føresegnene set øvre grense på tillate samla handelsareal inntil 3000m<sup>2</sup>, i samsvar med *Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel*.

Det er motsegn til punkt b )

Motsegn kan trekkjast dersom kommunen set rammer for omfang av kontorføremål slik at lager og industriverksemd vert primæraktivitet i næringsområdet.

3. Slik planforslaget ligg føre, vil samla bruksareal avsett til handel overstige 3000m<sup>2</sup>. Dette utløyser krav om handelsanalyse og søknad om samtykke frå Hordaland fylkeskommune, jf. *Regional plan for attraktive senter- senterstruktur, tenester og handel, føresegn 4.1*.

## PS 32/16 Tilslutnad til endring av Festspillene i Bergen sine vedtekter

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til endring av vedtektene for Festspillene i Bergen, jfr § 4.1 vedkomande oppnemning av nye styremedlemer.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet sluttar seg til endring av vedtektene for Festspillene i Bergen, jfr. § 4.1 vedkomande oppnemning av nye styremedlemer.

## PS 33/16 Revidering av programområde i Kulturelt utviklingsprogram(KUP)

### Forslag til vedtak

1. Følgjande 3 programområde for KUP gjeld for perioden 2016 – 2018:

- A. Formidling og deltaking
- B. Samordning og samhandling
- C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping

Programområda skal presenterast slik dei vert gjort greie for i saksframlegget.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling stadfester gjeldande retningslinjer og vilkår for ordninga,

men presiserer at det også kan søkjast støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv frå 2016. Til saman 500 000 kr kan løyvast kvart år til tiltak på desse to felt. Alle prosjekt skal vurderast ut i frå gjeldande retningslinjer og programområde i ordninga.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber fylkesrådmannen leggje fram sak om oppretting av fagkomité knytt til programområde C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping, innretting og evt. fullmakter til denne.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Nytt punkt 4:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ønskjer at det i programperioden også skal satsast på tiltak som styrkjer Hordaland sin identitet/kultur, herunder kystkulturen."

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.

Andersland sitt forslag fekk 6 røyster (V, Frp, H) og fall.

#### **Vedtak**

1. Følgjande 3 programområde for KUP gjeld for perioden 2016-2018:

- A. Formidling og deltaking
- B. Samordning og samhandling
- C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping

Programområda skal presenterast slik dei vert gjort greie for i saksframlegget.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling stadfester gjeldande retningslinjer og vilkår for ordninga, men presiserer at det også kan søkjast støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv frå 2016. Til saman 500 000 kr kan løyvast kvart år til tiltak på desse to felt. Alle prosjekt skal vurderast ut i frå gjeldande retningslinjer og programområde i ordninga.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber fylkesrådmannen leggje fram sak om oppretting av fagkomité knytt til programområde C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping, innretting og evt. fullmakter til denne.

### **PS 34/16 Museumsplanmidlar 2016**

#### **Forslag til innstilling**

Denne saka inneheld forslag om følgjande fordeling av museumsplanmidlane, 2 mill. kr:

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.
2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.
3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinjene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling.
4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i Utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget følger opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.
2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.
3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling.
4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

## **PS 35/16 Miljøprisen 2015**

## **PS 36/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

På spørsmål frå **May Eva Sandvik (H)** i samband med behandlinga av PS 22/16 "Godkjenning av innkalling og sakliste" orienterte kst. fylkesdirektør kultur og idrett om Hordaland fylkeskommune sine tilskotsordningar innan kulturfeltet.

Dokumentet "Hordaland fylkeskommune si kunstsamling (januar 2016)" vart delt ut.

Diverse plandokument vart delt ut.

Kst. plansjef **Eva Katrine Taule** orienterte om Hordaland fylkeskommune si rolle i høve planarbeid

**Utvalseiar Beate Husa (KrF)** og **Kjell Håland (A)** orienterte om si deltaking på ferdige og kommande konferansar og arrangement.